



Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane

# Møteprotokoll

**Utvalg:** AU i verneområdestyret for SVR

**Møtested:** Teams,

**Dato:** 09.02.2024

**Tidspunkt:** 13:00 - 14:00

## Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jonny Liland	Leder	
Gerd Helen Bø	Nestleder	
Steinar Kyrvestad	Medlem	
Inger Lise Lund Stulien	Medlem	
Janne Nystøl	Medlem	

## Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

## Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

## Merknader:

Det blir gitt 1 time i møtegodgjersle for dette møte

## Øvrige frammøtte:

Navn

Jørn Trygve Haug

Alf Odden

## Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
AU 7/24	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 8/24	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 9/24	Referatsaker		
AU 10/24	Orienteringssaker		
AU 11/24	Søknad om bruk av snøscooter til frakt av ved til lavvo. Gnr. 70, bnr. 4 Arne Holskog.		2024/1344
AU 12/24	Ny handsaming. Søknad om å arrangere snøscootertur for medlemar, eldre og uføre til Lordehytta. Åseral snøscooterklubb. Åseral kommune.		2023/11976
AU 13/24	Eventuelt		

### **AU 7/24 Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 09.02.2024**

##### **Behandling**

##### **Vedtak**

Møte innkalling og saksliste vart godkjent.

### **AU 8/24 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**

#### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 09.02.2024**

##### **Behandling**

##### **Vedtak**

Gerd Helen Bø vart valt til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

## **AU 9/24 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 09.02.2024**

#### **Behandling**

Det var inga referatsakar til møte.

#### **Vedtak**

## **AU 10/24 Orienteringssaker**

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 09.02.2024**

#### **Behandling**

Det var inga orienteringssakar til møte.

#### **Vedtak**

## **AU 11/24 Søknad om bruk av snøscooter til frakt av ved til lavvo. Gnr. 70, bnr. 4 Arne Holskog.**

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 09.02.2024**

#### **Behandling**

Forvaltars innstilling vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**


Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Helle camping v/Arne Holskog løyve til å nytte snøscooter til frakt av ved inn til leirplass i området mellom Den flate heii og Hestheii i Valle kommune. Løyvet gjeld for ein snøscooter og inntil to turar i perioden 9.2.2024 – 30.4.2024. Utgangspunktet for transporten er Hellersdalen eller Jarnsverk. Godkjend køyrerute går fram av kartet i vedtaket. Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet.

• Om det vert oppdaga villrein under transporten skal transporten utsettast til faren for uroing av dyra ikkje lenger er til stade.

Arbeidsutvalet legg vekt på at transporten er avgrensa til to turar og ei relativ kort køyrestrekning i verneområdet. Søkar driv ei reiselivsbedrift der guiding og overnatting vil kunne styrke driftsgrunnlaget. Om det skulle bli eit visst omfang av søknader knytt til same transportføremål andre stader, vil verneområdestyret vurdere praksisen på nytt.

*Kart over godkjend transportrute, to alternativ (grøn line). Raud line er vernegrensa*



Etter kap. IV pkt. 4 i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkheiane landskapsvernområde* er det eit krav om at all ferdsel skal skje omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet eller beitedyr eller vera til ulempe for andre. Med bakgrunn i denne bestemminga har tiltakshavar eit særskild ansvar for at leiren vert rigga på ein ryddig måte og at avfall vert frakta ut av området når sesongen er slutt. For motorferdsel i utmark vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Vi oppmodar difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar der dette skulle være naudsynt.

**AU 12/24 Ny handsaming. Søknad om å arrangere snøscootertur for medlemar, eldre og uføre til Lordehytta. Åseral snøscooterklubb. Åseral kommune.**

## Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 09.02.2024

Inger Lise Lund Stulien: Nytt forslag til vedtak frå Inger Lise Lund Stulien:

Lise  
Lund  
Stulie  
n

*Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Åseral snøscooterklubb løyve til å gjennomføre snøscootertur for medlemar, eldre og uføre til Lordehytta i Åseral.*

*Løyvet gjeld for ein av dagane 17. mars eller 24. mars 2024. Det kan køyrast inn naudsynt utstyr til arrangementet dagen før med inntil 4 snøscootere i følgje.*


*Tillate køyrestrekning i verneområdet er Svartevatn – Lordehytta slik det går fram av kartet i vedtaket. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:*

- *Deltakarane skal køyre samla og langs køyrerute merka av i kartet.*
- *Turen skal avlysast om det vert observert villrein i nærleiken av traseen eller arrangør har mottatt melding om dette frå sikre kjelder*

*Arbeidsutvalet legg vekt på den lange tradisjonen for desse turane og der mange av deltakarane har eit heilt spesielt forhold til Lordehytta. Arrangementet er avgrensa til ein dag og med krav om at alle skal køyre samla.*

*Turen går langt sør i verneområdet og med kort køyreavstand innafor vernegrensa.*

*Arbeidsutvalet legg vekt på at omsynet til villrein vert ivareteken ved at turen skal avlysast om det vert observert villrein i nærleiken av traseen. Ut i frå dette vil ikkje tiltaket stri mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Grunna dei lange tradisjonane for turen, og det særeigne ved Lordehytta som turmål, er det liten fare for presedensverknad av å gi eit løyve til arrangementet.*



### Behandling

Nytt framlegg til vedtak frå Inger Lise Lund Stulien vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

*Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Åseral snøscooterklubb løyve til å gjennomføre snøscootertur for medlemar, eldre og uføre til Lordehytta i Åseral.*

Løyvet gjeld for ein av dagane 17. mars eller 24. mars 2024. Det kan køyrast inn naudsynt utstyr til arrangementet dagen før med inntil 4 snøscootere i følge.


Tillate køyrestrekning i verneområdet er Svartevatn – Lordehytta slik det går fram av kartet i vedtaket. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

Deltakarane skal køyre samla og langs køyrerute merka av i kartet.

Turen skal avlysast om det vert observert villrein i nærleiken av traseen eller arrangør har mottatt melding om dette frå sikre kjelder

Arbeidsutvalet legg vekt på den lange tradisjonen for desse turane og der mange av deltakarane har eit heilt spesielt forhold til Lordehytta. Arrangementet er avgrensa til ein dag og med krav om at alle skal køyre samla.

Turen går langt sør i verneområdet og med kort køyreavstand innafør vernegrensa. Arbeidsutvalet legg vekt på at omsynet til villrein vert ivareteken ved at turen skal avlysast om det vert observert villrein i nærleiken av traseen. Ut i frå dette vil ikkje tiltaket stri mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Grunna dei lange tradisjonane for turen, og det særigne ved Lordehytta som turmål, er det liten fare for presedensverknad av å gi eit løyve til arrangementet.



## AU 13/24 Eventuelt

### Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 09.02.2024

#### Behandling

Det var inga saker under Eventuelt.

**Vedtak**